

Naturvernforbundet i Ørsta og Volda,
Lindevegen 8,
6103 Volda.

Volda, 24.08.-22

Møre og Romsdal fylkeskommune,
kopi til Volda kommune.

Tilleggsinformasjon om ålegras nær omsøkt torskeoppdrett på Støylen i Volda.

Naturvernforbundet har gitt ei fråsegn til Gadus AS sin søknad om oppdrett av torsk på Støylen i Voldsfjorden. No er vi gjort merksame på ei registrering i Artsdatabanken som er viktig for fylkeskommunen si vurdering av søknaden.

To registreringar av ålegraseng. Den eine sør for Mjeltevika i Kilspollen, den andre ved Bjørneset. Lokaliteten ved Bjørneset ligg omlag 1,5 km frå det omsøkte oppdrettsanlegget. Inn- og utstraumane i fjorden og frå Kilspollen gjer at denne lokaliteten vil bli påverka av eit eventuelt anlegg på Støylen. I Artsbanken er registreringa gitt georef. Br. 62.074291 - L. 6.098312.

Når ein så viktig naturtype ikkje er nemnt i Gadus sin søknad, og heller ikkje er registrert i Naturbase eller Artsbanken før no, er det eit godt døme på manglande kartlegging av området. Kunnskapen finst lokalt, men svært lite er dokumentert.

Ålegraseng er ein av 12 prioriterte naturtypar med tiltaksplan for oppfølging, restaurering og forvaltning. Det er ein naturtype med stort biologisk mangfald, og eit særskilt viktig oppvekstområde for kysttorsk og andre lokale fiskeslag. Vi vil vise til Miljødirektoratet sin *Oppfølgingsplan for trua natur (MD- 2020)*, og dokumentet *Beslutningsgrunnlag for ålegraseng* frå MD. Særleg påvirkningsfaktor 3 i dokumentet, "næringssalter og organiske næringsstoffer" er relevant i høve eit oppdrettsanlegg nær ei ålegraseng.

Høyringsfristen er ute, men all kunnskap må med når ei beslutning om konsesjon skal takast av akvakulturmynde.

Mvh,
Naturvernforbundet i Ørsta og Volda,
Knut Festø, lokallagsleiar.